

Alver Hjort V/

24.05.2017

Lars Øyvind Hillestad

Alvervegen 37

5911 Alversund

Lindås Kommune Byggesaksavdeling

Lindås Kommune Planavdeling

Cardo 8614 AS, Strandkaian 16, 5013 Bergen

Merknad til oppstart av planarbeid for Alver hotell, plan ID 1263-201512/ samt klage på byggesak GBNR 137/129 Alver - nytt hotellbygg arkivsakID 14/7433

Då eg er blitt opplyst «på bygda» at det er igangsatt oppstart av reguleringsplan for Alver Hotell, ynskjer eg å komme med nokre merknader. Ettersom saka er sammanfallande med byggesak med arkivsak ID 14/7433, vert det stila som eit brev og sendt både byggjesaksavdeling og planavdeling i Lindås kommune, samt til forslagstillar.

Etter å ha tatt meg inn på kommunens heimesider, finn eg ut at oppstartsmelding er annonsert i media i Oktober 2016. Eg som står som eigar av 137/19, har vel 180meter lang grenselinje med planområdet, samt at eg har vegtilkomst gjennom planområdet, er ikkje varsla på tiltaket slik gjeldande retningslinjer tilseier at eg skulle ha vore.

Videre ser eg av referat av oppstartsmøte med kommunen 10.08.2016, punkt 4.4 at «jordvern og landbruksfaglege vurderingar» skal utgreiast. Videre vert planstillar råda til av kommunen å ha «tidleg informasjon til naboer og berørte Grunneigarar.»

Når eg no snart eit år etter oppstartsmøte ikkje har høyrd noko frå planstillar, er råda frå kommunen ikkje stillt.

Krav 1: Skriftleg orientering av saksprosess etter gjeldande retningslinjer, slik at evt. Merknader kan komme inn i rett tid i forhold til planprosess.

Alver Hotel vart i si tid skild ut av garden som eg eig. Gardens einaste tilkomstveg går således i gjennom planområdet.

I forbindelse med bygging av utleigeleilighetene som har ført til kravet om reguleringsplan, vart vegtilkomsten min i praksis fjerna då den er vorte endra til eit stigningsforhold på vel 1 på 2, noko som tilseier at du ikkje kan køyre der med traktor eingong.

Underteikna vart varsla med eit nabovarsel med kartvedlegg som ikkje viste nokon endring i vegtilkomsten, (vist i kartvedlegg 1.) Etter endringsarbeid i byggjesøknaden kom det til ein veg som øydela min tilkomstveg. (Kartvedlegg 2).

Spm: Er mi underskrift den 26.10.2014 på nabovarsele, nytta på eit heilt anna tiltak enn det som vart varsla Lindås Kommune?

Det er no snart to år sidan vegtilhøva vart øydelagd. Tiltakshaver har lova ved fleire annledninger at det skal byggjast ny veg, utan at noko skjer.

Underteikna er gardbrukar på heiltid, og vegtilkomsten er derfor prekær.

Ettersom leilighetene er annonsert for utleige no rekner eg med at ferdigstillingsattest er gjeve, og eg som nabo står fortsatt utan veg.

Krav 2: Ny veg som tiltakshaver har lova å rette opp i, i snart to år, vert teikna og profilert snarast råd.

Krav 3. Vegen vert bygd så snart som det overhodet lovleg er mogleg.

Håper på positiv tilbakemelding og at ein kan informere og samarbeide i den vidare prosessen, slik at ein ikkje treng å gå til vidare skritt i saka.

Alver Hjort V/

Lars Øyvind Hillestad